



Årdal Kjemiske Fagforening

Øvre Årdal, 8.januar 2018

NVE Konsesjonsavdelinga

nve@nve.no

Fråsegn frå Årdal Kjemiske Fagforening til fornya reguleringskonsesjon for Fortun-Grandfastvassdraga

Årdal Kjemiske Fagforening viser til tilsendt søknad for Fortun-Grandfastvassdraga (F-G) og vil med bakgrunn i våre interesser peika på følgjande:

- Årdal Kjemiske Fagforening vil likestillta fornyelsen av reguleringskonsesjon i F-G med forlenga konsesjon for Tyin kraftanlegg der det vart stilt krav om at krafta skulle brukast, av Hydro, til industrielt formål i Årdal. Dette har vore presisert for begge desse vassdraga i St.prp.38, når det gjeld Hydro's disponering av kraft. ÅKF ser ikkje nokon grunn til at det skal lempast på det kravet ved denne fornyelsen:
«Kraften skal fortsatt nyttas i Norsk Hydros kraftintensive virksomhet. Kraften fra Tyin og Fortun er forutsatt nyttet til slik virksomhet i Årdal. Forutsetningene i St.prp.nr. 104 (1990-91) om at industrien har behov for kraften og eventuell avtale om omdisponering av kraften skal følges.»
- Bindingane må gjelda for både tidlegare og nytt produksjonsvolum og i heile den nye konsesjonsperioden.
- Når det gjeld evt. omdisponeringskrav frå Hydro si side utover Stortinget sine opprinnelege føresetnader, vil Årdal Kjemiske Fagforening framheva at dette fortsatt må handterast av dei politiske styresmaktene. Viser til forutsetnader lagt inn i St.proposisjon 104.

Med desse vilkåra på plass vil Årdal Kjemiske Fagforening sjå positivt på at Hydro Aluminium får fornya reguleringskonsesjon i Fortun-Grandfastvassdraga.

Med helsing for Årdal Kjemiske Fagforening


Bjørn Øvstetun, leiar